

Luktstoff kan redusere bruk av sprøytemiddel

(NPK): Ved hjelp av luktstoff insekt likar, håpar forskarar ein kan kunne redusere bruk av sprøytemiddel.

Forskarar ved Bioforsk Plantehelse på Ås pønskar ut metodar for å få ned bruken av sprøytemiddel i landbruket, skriv Bondebladet.

– Åtferda til insekta blir i stor grad styrt av det dei luktar. Dette utnyttar vi i kampen mot skadedyr, fortel forskar Geir Kjølberg Knudsen ved Bioforsk.

Forskarane ser særleg på kairomonar, som er luktstoff som påverkar åtferda til ein annan art. Det er hodyr som blir tiltrekt av kairomonar, og hodyr er det største problemet for landbruket då dei legg egg i avlingane.

Forskarane har ifølgje Bondebladet til dømes hatt stor suksess med bruk av feller med kairomonar på rognebærmøll. Denne møllen likar best lukta av rogn, med eple som det nest beste. Er det mykje rogn eit år, vil møllen bli lokka dit og forskarane kan rå til å bruke mindre sprøytemiddel på epla.

– Denne type varsling har vi halde på med ein stund, og vi har på nokre ganske få år greidd å halvere bruken av sprøytemiddel i epleindustrien, seier Knudsen.

Ein annan metode er å lage feller med «parfyme» av kairomonar, som møllen blir lokka i. – Er det veldig få av dei, kan vi anbefale å ikkje sprøyte sjølv om det kanskje er lite rogn det året, fortel Knudsen.

På den måten kan ein redusere bruken av sprøytemiddel enda meir, skriv Bondebladet.
(©NPK)